



Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Olav Overvoll, 5557 2315

Statsforvaltaren i Vestland vedtar forskrift om utvida jakttid og utvida periode for eggsanking for grågås i Kvinnherad kommune

Bakgrunn

Som fleire av kommunane i Vestland, har også Kvinnherad utfordringar knytt til beitande gjess på innmark. På bakgrunn av dette har kommunen fått utarbeidd ein kommunal forvaltingsplan for grågås. Denne vart godkjend av Statsforvaltaren i juli 2024.

Ordinær jakttid for grågås er 10. august – 23. desember, men fordi hausttrekket startar i juli månad, har mange av gjessene i distriktet trekt sørover før ordinær jakttid startar. Kvinnherad kommune ønskjer difor utvida jakttid på grågås.

Høyring

Forslag til forskrift vart sendt på høyring den 27.2.2026. Det kom inn to høyringssvar.

NJFF Hordaland støttar forslaget til forskrift, men peikar på at destruksjon av egg må utøvast med god kontroll og stor varsemd.

NOAH - for dyrs rettigheter har fleire kritiske merknader til forvaltingsplanen for gås i Kvinnherad. Dei meiner at forvaltingsplanen må reviderast slik at:

- forebyggende og ikke-dødelige tiltak, som etablering av friområder og systematisk bruk av skremmetiltak, tydeliggjøres som hovedstrategi i arbeidet med å redusere konflikter
- det fremkommer tydelig at det ikke er i tråd med gjeldende regelverk å vurdere skadefelling før ikke-dødelige tiltak er reelt utprøvd
- jakt ikke fremstilles som et grunnleggende eller nødvendig virkemiddel i konfliktløsningen
- forslaget om tidligere jaktstart ikke innføres, da det kan bryte med krav om yngletidsfredning
- utvidet adgang til eggsanking vurderes restriktivt og ikke utvikles til en rutinemessig, bestandsregulerende praksis

NOAH tilrår at forslaget om utvida jakttid ikkje blir vedtatt før ein har betre dokumentasjon på både skadeomfang og effekten av alternative tiltak. Utvida periode for eggsanking må vurderast restriktivt og ikkje utviklast til ein rutinemessig, bestandsregulerande praksis.



Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren er einig med NOAH i at forvaltingsplanen for gås i Kvinnherad med fordel kunne vore tydelegare og meir konkret på nokre område. Ei svakheit med forvaltingsplanen er at det ikkje er sett av friområde, dvs. attraktive beiteområde der gjessene kan beite uforstyrra. Vi har likevel godkjent forvaltingsplanen, men med ei oppfordring til kommunen om å arbeide vidare med etablering av friområde og andre førebyggjande tiltak og å sette klarare mål for forvaltinga av grågås i kommunen.

NOAH etterlyser betre dokumentasjon på skadeomfang og effekten av avbøtande tiltak. Slik dokumentasjon kan alltid bli betre, men samla sett meiner vi kunnskapsgrunnlaget er godt nok til å vedta forskrifta.

NOAH meiner at tidlegare jaktstart kan føre til at jakt finn stad i ein periode der gjessene framleis kan vere i hekketid med oppfostring av ungar. Etter vår vurdering vil dette oppstå sjeldan og unntaksvis, og ungane vil i denne perioden normalt vere så store at dei klarar seg sjølve.

Når det gjeld utvida periode for eggsanking, meiner NOAH at dette ikkje må utviklast til ein rutinemessig, bestandregulerande praksis. Vår vurdering er at utvida periode for eggsanking nettopp er eit verkemiddel for å regulere lokale bestandar. Det kan nyttast i område med betydelege beiteskadar der andre tiltak, som gjerdning mot vatn og sjø, har vore prøvd utan tilfredsstillande resultat.

Vurdering av miljørettsprinsippa

Jf. naturmangfaldlova § 7, skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit.

Kunnskapen om grågåsbestanden, både lokalt og regionalt på Vestlandet, er etter vårt vurdering god (jf. nml. § 8 om kunnskapsgrunnlaget). Bestanden har lenge vore aukande i ytre og midtre delar av fylket. Kunnskapen om grågåsbestanden i Kvinnherad reknast som middels god. I 2024 var det registrert minimum 300 individ. 16 kull vart påvist i juni 2024, og sannsynleg hekkebestand er estimert til mellom 20 og 40 par.

Føre-var-prinsippet (§ 9) slår ikkje inn, sidan kunnskapsgrunnlaget er vurdert som godt, og etter vår vurdering fører ikkje vedtaket til risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet.

Utvida jakt vil rette seg mot ein enkelt art som har ein sterk og livskraftig bestand, og vil ikkje føre til negativ samla belastning på økosystemet, jf. § 10.

Kostnadane ved miljøforringing (§ 11) er ikkje relevant i denne samanhengen.

Jakt og eggsanking skal gå føre seg med velpørvede, lovlege metodar, og er slik sett i tråd med § 12.

Vedtak

I tråd med *Forskrift om jakt- og fangsttider* (FOR-2022-01-21-128) § 3, punkt 1a, og § 6, vedtar Statsforvaltaren forskrift om utvida jakttid og utvida periode for eggsanking for grågås i Kvinnherad kommune. Forskriftsteksten er gitt i vedlegg på side 3 i dette brevet.

Ingen klagerett

Vedtaket av forskrifter er ikkje eit enkeltvedtak (jf. forvaltingslova § 2), og kan ikkje påklagast.



Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Miljødirektoratet
NJFF Hordaland
NOAH

Postboks 5672 Torgarden
hordaland@njff.no
Dronningens gate 13

7485 TRONDHEIM
0152 OSLO

Vedlegg

Forskrift om utvida jakttid på grågås og utvida periode for eggsanking, Kvinnherad kommune

§ 1. Formål

Formålet med forskrifta er å regulere grågåsbestanden i tråd med lokale bestandsmål gitt i kommunal forvaltningsplan for grågås, med vekt på å avgrense skadeomfang på aktivt drivne innmarksareal.

§ 2. Utvida jakttid

Jakttida på grågås blir utvida med 20 dagar i forkant av ordinær jakttid, dvs. frå og med 21. juli til og med 9. august. Jakta skal føregå i tidsrommet kl. 04:00–10:00.

Det er berre tillate å jakte på dyrka mark og gjødsla beite, og inntil 30 meter frå slike areal. Dei første fem dagane av 20-dagarsperioden skal jakta vere avgrensa til flygande fugl over aktivt drivne innmarksareal.

Jaktinnsats og fellingsresultat i den utvida jaktperioden skal rapporterast til kommunen.

§ 3. Utvida periode for eggsanking

Det blir opna for utvida periode for sanking av egg av grågås til og med 25. april.

Det skal minst ligge att 2–3 egg i kvart reir. Tal sankta egg og tal reir det er sankta frå skal rapporterast til kommunen.

§ 4. Iverksetting og varigheit

Forskrifta trer i kraft straks, og gjeld inntil den blir avløyst eller endra i tråd med revisjon av sentral forskrift om jakt- og fangsttider.

Forskrifta gjeld ikkje i naturreservat eller andre område som er verna i medhald av naturmangfaldlova.

§ 5. Oppheving

Statsforvaltaren kan når som helst oppheve forskrifta dersom den medfører uønskte konsekvensar.

§ 6. Straff

Brot på denne forskrifta blir straffa etter viltlova § 56.